



Notat

Dato: 22.02.2017
Arkivsak: 2017/938-3
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om krava til køyre og kviletid for bussoperatørane

I møtebok frå Misa 1. desember 2016 var det teke inn følgande spørsmål frå representanten Gustav Bahus (Frp):

«Hvordan er kravene vi stiller til kjøre- og hviletider til våre operatører på buss? Bakgrunnen er at en ser sjåførbytte v/bruk av EL-bil. Er hviletiden i EL-bil?»

I Norge vert köyre- og kviletid for rutetrafikk for buss i hovudsak regulert etter to modellar:

1. I tilfelle der ein enkeltur i ein skiftplan er lengre enn 50 km i netto köyrestrekning skal «Forskrift om kjøre- og kviletid for vegtransport» nyttast. Samanfatta består forskriftera av desse hovudpunktata:
 - a. Dagleg köyretid skal ikkje være meir enn 9 timer, men kan aukast til 10 timer to gonger i veka
 - b. Samla köyretid per veka er summen av all köyretid i løpet av ei veka, og skal ikkje være meir enn 56 timer
 - c. Etter 4,5 timars köyring skal det avviklast 45 minuttars pause. Pausen kan deles i to på 15 og 30 minuttar (i den rekkefølga). Det skal ikkje utføres anna arbeid i pausar
 - d. Hovudregelen er døgnkvile på 11 samanhengande timer eller minst 3 + 9 timer kvart døgn
 - e. Seinast etter seks døgn skal det leggjast inn ein vekekivil på minst 45 timer. Vekekivilen kan reduserast til 24 timer annankvar veka (reduksjonen skal kompensera med ein tilsvarende kvileperiode)
2. Dersom ingen enkelttur er over 50 km kjem ikkje ovannde forskrift i bruk. Då er det lokale arbeidstidsavtalar som skal leggjast til grunn ved planlegging og utføring, og arbeids- og kviletid vil vere tydeleggjort i arbeidsplanen (skift). Alt planverk er gjenstand for forhandlingar og godkjenning av fagorganisasjonar.

I begge modellane vert sjåførbytte i rutetrasé rekna som arbeidstid og ikkje som kviletid. Dette gjeld uavhengig om det vert nyitta el-bil eller annan tradisjonell bil.

I kontraktane Skyss har med bussoperatørane vert det stilt krav til at operatør skal halde seg informert om og rette seg etter til ein kvar tid gjeldande lover og forskrifter som er relevante for utføringa av kontrakten samt krav og pålegg som er fastsett av styresmaktene.